

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/19

av 12. oktober 2006

**om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly og kadmium, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga(\*)***[meldt under nummeret K(2006) 4790]*

(2006/691/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.
- 2) Visse materiale og komponentar som inneheld bly og kadmium, bør få unntak frå forbodet, fordi det enno er uråd å unngå bruk av desse farlege stoffa i dei nemnde materiala og komponentane, eller fordi den negative innverknaden dei har på miljøet, helse eller tryggleiken til forbrukarane på grunn av utskifting er venta å vere større enn føremonene for miljøet, helse eller tryggleiken til forbrukarane. Unntaka som er førde opp i vedlegget til dette vedtaket, vert gjevne på grunnlag av resultata frå ein revisjon som er utført av teknisk sakkunnige, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege prov frå granskingar, frå dei partane som det gjeld, og frå andre vitenskaplege/faglege kjelder. I denne revisjonen vart det slått fast at det framleis ikkje er teknisk eller vitenskapleg mogleg å fjerne eller å byte ut desse stoffa.
- 3) Nokre av unntaka frå forbodet bør for visse materiale eller komponentar ha eit avgrensa verkeområde, slik at bruken av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr

kan avskaffast gradvis etter kvart som desse stoffa vert bytte ut med andre stoff.

- 4) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav c) i direktiv 2002/95/EF må kvart unntak i vedlegget vurderast på nytt minst kvart fjerde år eller fire år etter at eit punkt vert lagt til i lista.
- 5) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.
- 6) I medhald av artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF<sup>(2)</sup>—

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 12. oktober 2006.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 283 av 14.10.2006, s. 48, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 7/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 33, 12.6.2008, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/310/EF (TEU L 115 av 28.4.2006, s. 38).

<sup>(2)</sup> TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

## VEDLEGG

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal nytt nr. 21-27 lyde:

- «21. Bly og kadmium i trykkfargar for påføring av emalje på borsilikatglas.
  22. Bly som ureinske i RIG (*rare earth iron garnet* – jarngranat med sjeldne jordartar) Faraday-rotatorar som vert nytta i fiberoptiske kommunikasjonssystem.
  23. Bly i slutt puss av andre findelte (*fine pitch*) komponentar enn koplingar med avstand på 0,65 mm eller mindre med leieramme (*leadframe*) av nikkel-jarn, og bly i slutt puss av andre findelte komponentar enn koplingar med avstand på 0,65 mm eller mindre med leieramme av kopar.
  24. Bly i loddemateriale for lodding til skiveforma og plane keramiske fleirlagskondensatorar med metalliserte, gjennomgåande høl.
  25. Blyoksid i plasmaskjermer (PDP) og skjermer av SED-typen (*surface conduction electron emitter display*) nytta i komponentstruktur, særleg i dielektriske lag i fremre og bakre glasplate, busselektroden, den svarte stripa, adresseelektroden, avgrensande ribber, frittar for forseglingsglas og fritte-ringar av glas, og dessutan i trykkpasta.
  26. Blyoksid i lampekolbe til lampar av typen Black Light Blue (BLB).
  27. Blylegeringar i loddemateriale for energiomformarar til bruk i høgtalarar med høg effekt (som er meinte for bruk i fleire timar med akustiske effektnivå på 125 dB SPL og høgare).»
-